

BARN SOM PÅRØRANDE

AURLAND KOMMUNE

2022 - 2026



**Aurland kommune
Vangen 1
57 63 29 00**

Plan for
BARN SOM PÅRØRANDE
i Aurland kommune
2022-2026

Eit samarbeid mellom kreftkoordinator og helsesjukepleiar

Kven er barn som pårørende?

- Barn/ søsken
- barnebarn

Overordna gruppe i kommunen har 1 møte årleg

- Kommunelege
- Kreftkoordinator
- Helsesjukepleiar
- Avdelingsleiarar i barnehage, rektorar på skulane
- Barneansvarleg Lærdal sjukehus
- Psykiatrisk sjukepleiar
- Barnevern
- Ruskonsulent

Mål:

Sikre at barn/ barnebarn under 18 år blir ivaretekne når søsken, foreldre, eller andre nære omsorgspersonar vert alvorleg psykisk eller somatisk sjuke, rusavhengige og/ eller døyr av alvorleg sjukdom

Lovverk:

Viser til helsepersonelloven §10a, og spesialisthelsetenestelova §3-7a

• *§ 10 a Helsepersonells plikt til å bidra til å ivareta mindreårige barn som pårørende*
Helsepersonell skal bidra til å ivareta det behovet for informasjon og nødvendig oppfølging som mindreårige barn av pasient med psykisk sykdom, rusmiddelavhengighet eller alvorlig somatisk sykdom eller skade kan ha som følge av forelderens tilstand.

- *§ 10 b Helsepersonells plikt til å bidra til å ivareta mindreårige barn som er etterlatte etter foreldre eller søsken*

Helsepersonell skal bidra til å ivareta det behovet for informasjon og nødvendig oppfølging som mindreårige barn kan ha som følge av at en forelder eller et søsken dør.

- *§3-7a pålegger alle helseinstitusjoner i spesialisthelsetjenesten å ha barneansvarlig personell.*

Rundskriv om Barn som pårørende IS-5/2010 (helsedirektoratet)

Ansvar:

Fastlege, kreftkoordinator, helsesjukepleiar og andre fagpersonar i helse- og omsorg

Handling:

Helse-Førde og Helse-Bergen har fått informasjon om ” Barn som pårørende”. Informasjonen (brosjyre) er lagt ut på heimesida til kommunen og sjukehusa sine nettsider.

Helsepersonell (inkludert fastlege) som først er i kontakt med pasienten oppretter kontakt med helsesjukepleiar for at barn skal bli ivaretekne som pårørende.

Samtykke må ligge føre i samarbeidet kring barna.

Samarbeidspartane vurderer oppretting av team/ ansvarsgruppe kring barnet/ barna, og finn samarbeidsrutiner som fungerer.

Forankring:

Planen vart godkjent hausten 2016.

Vedlegg:

1. Samtykkeskjema
2. Sjekkliste barn og unge som pårørende

Brosjyrer:

- Kreftkoordinator i Aurland kommune
- Se meg lærer! – ein lærarrettleiing om barn og ungdom i krise og sorg. Mor eller far er alvorleg sjuk
- Når foreldre døyr
- Mor/ far er syk

Sjekkliste barn og unge som pårørende

Namn på barnet
Alder
Korleis har barnet det?
Kva trur du barnet veit om sjukdommen
Om barna har fått lite/ingen informasjon- kva tenker de er det verste som kan skje viss de snakkar med barnet/ barna om sjukdommen?
Kva begreper/ord har de brukt i familien om situasjonen?
Korleis trur du den sjukes tilstand påverkar barnet og familien
Korleis fungerer kvardagen?
Er barnehage/skule/helsesjukepleiar informert?
Kva nettverk/ressurspersonar finns rundt familien?
Kva er det vanskelegaste iforhold til barna?
Ynsker de å ta med barna på sjukehus/andre stader?
Veit du kven som er barneansvarleg på sjukehuset?
Har de fått brosjyrer/ informasjonsmateriell?
Er det noko du saknar?
Kva håpar/ynskjer du at eg/andre skal bidra med?
Kva religion og kultur er du mest kjend med? Er det omsyn me bør ta (i Norge)? Er det behov for tolk?

